



Notat

Dato: 09.08.2017
Arkivsak: 2017/14202-1
Saksbehandlar: venbar

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Arbeid mot sjølv mord

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til opplærings- og helseutvalet 19.04.2017 der representanten Alexander Fosse Andersen la fram følgjande verbalforslag:

«På kva måte er arbeid mot sjølv mord ein del av folkehelsearbeidet i HFK?»

I følgje Folkehelseinstituttet er det mellom 500 og 600 personar som kvart år tek sitt eige liv. I tillegg er det ca 10 gonger fleire som forsøker. Ca 60 % av desse er under 50 år. Statistikk som er presentert, viser at det er over dobbelt så mange gutar som jenter i alderen 15-24 år som tek livet sitt. Dersom ein ser på sjølv mordsraten over tid, er den nesten halvert frå 1986 til 2015. ¹

Fylkesrådmannen viser i saka til ei rekkje tiltak og langsiktig, systematisk innsats i HFK for å sikre at alle elevar skal få oppfylt retten til eit godt og helsefremjande skulemiljø. I tillegg er det behov for å auke kompetansen både i skulane og i helsetenesta med mål om at ein tidleg skal fange opp og følgje opp ungdommar som kan stå i fare for å ta eige liv. Fylkesrådmannen vil difor i samarbeid med Bergen kommune utarbeide ein handlingsplan for forbygging av sjølv mord som vert lagt fram for politisk handsaming i 2018.

¹ Folkehelseinstituttet. [Selvmord og selvmordsforsøk - faktaark med helsestatistikk](#), 20.06.2017

Fylkesrådmannen viser til opplærings- og helseutvalet 19.04.2017 der representanten Alexander Fosse Andersen la fram følgjande verbalforslag:

«På kva måte er arbeid mot sjølv mord ein del av folkehelsearbeidet i HFK?»

I følgje Folkehelseinstituttet er det mellom 500 og 600 personar som kvart år tek sitt eige liv. I tillegg er det ca 10 gonger fleire som forsøker. Ca 60 % av desse er under 50 år. Statistikk som er presentert, viser at det er over dobbelt så mange gutar som jenter i alderen 15-24 år som tek livet sitt. Dersom ein ser på sjølv mordsraten over tid, er den nesten halvert frå 1986 til 2015.²

Netflix-serien *13 Reasons Why* har skapt mange medieoppslag. Etter fleire sjølv mord både i Trondheim og Lillehammer har rektorane sendt ut brev der dei oppmodar foreldra om å støtte borna sine i tider som er vanskelege. I media er det stilt spørsmål om serien romantiserer sjølv mord, og om den skaper ein smitteeffekt. Statistikk viser at det berre er mellom 1 og 2 prosent av alle sjølv mord som kan relaterast til ein form for smitteeffekt. Det er òg dei som meiner at serien bidrar til openheit rundt eit tabubelagt tema.³

Bloggaren og forfattaren Linnéa Myhre skreiv eit innlegg i Morgenbladet 16.06.2017 under tittelen **Selvmord er ikke et forsøk på å ta hevn**. Der diskuterer ho konsekvensar av serien *13 Reasons Why* og konkluderer at det er tre faktorar som må vere til stades før eit menneske tek sitt eige liv: *I følge teorien «Interpersonal Theory of Suicide», har selvmordet tre grunnsteiner. Den første er mangel på sosial tilhørighet i en gruppe, den andre er følelsen av å være en byrde. Den siste: evnen til å gjennomføre det. «...Selvmord er ikke et forsøk på å ta hevn: Vi tar ikke livet av oss for å hevne oss på de som har gjort oss vondt, men for å slippe unna det som føles så utholdelig»,* skriv Linnéa Myhre som ei avslutning.

Det er dei tre grunnsteinane ho nemner som er vesentlege i arbeidet som vert gjort på den enkelte skule. Med bakgrunn i krav i opplæringslova § 9a-1 om at: *Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring*, ligg klare krav om systematisk arbeid for at kvar enkelt elev skal kjenne seg inkludert, vekse og trivast. Dei same krava til eit godt psykososialt skulemiljø vert understreka i *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane*, med mål om auka læringsutbytte og fullføring. Å arbeide i ein kontinuerleg prosess for eit godt skulemiljø er ei plikt som ligg til kvar skule. Kvar haust kallar opplæringsavdelinga inn rektorar, elevinspektørar og elevrådsrepresentantar til ein to-dagars skulemiljøkonferanse, der elevane sitt skulemiljø er hovudpunkt på agendaen.

Det psykososiale miljøet er viktig i arbeidet til skulehelsetenesta, og i samarbeid med skulen skal ho bidra til å fremje eit godt psykososialt miljø. I dei siste retningslinjene frå Helsedirektoratet er det førebyggjande arbeidet med psykisk helse understreka: *Oppdage psykiske plager og lidelser: Skolehelsetjenesten bør ha fokus på å oppdage psykiske plager og lidelser.*⁴

Fast tilsetting av både mobbeombod og elev- og lærlingeombod i HFK dette året er ein styrke i arbeidet for eit betre læringsmiljø og mot mobbing. Oppretting av begge stillingane og deira førebyggjande arbeid er ein styrke for elevar og lærlingar sine rettar. Omboda skal arbeide førebyggjande ut mot skulane, rettleie i mobbesaker, tilby kurs for skulane og ikkje minst arbeide individuelt i saker der elevar opplever krenkingar og mobbing. For den enkelte elev og lærling skal omboda vere den objektive instansen dei kan ta kontakt med og få råd og støtte hjå i vanskelege saker.

² Folkehelseinstituttet. [Selvmord og selvmordsforsøk - faktaark med helsestatistikk](#), 20.06.2017

³ RVTS. [Sjølv mord og smitte. Betrakningar om Netflix-serien «13 Reasons Why»](#)

⁴ Helsedirektoratet: [Nasjonal faglig retningslinje for det helsefremmende og forebyggende arbeidet i helsestasjon, skolehelsetjeneste og helsestasjon for ungdom](#), kap 5.4.2. 03.07.2017

Psykologteamet for dei vidaregåande skulane i HFK er tilsett i prosjektstilling (2016-2018) og skal jobbe på systemnivå. P.t. har dei ikkje eit fast opplegg om førebygging av sjølv mord, men dei har etter førespurnad kome med innspel om temaet på nokre av dei vidaregåande skulane. Temaet vil vere aktuelt i fellesmøte mellom skulehelsetenesta og psykologteamet for komande skuleår.

LHBT-plan vart utarbeidd i 2007 og sist revidert i 2013. Planen er eit viktig verktøy for skulane i arbeidet med inkludering og toleranse, og for å unngå utestenging og mobbing. LHBT-personar melder om dårlegare helse enn gjennomsnitt i folket, samtidig som dei er overrepresenterte i sjølv mordsstatistikken. Mål 1 i planen: *Alle nivå i skulesektoren i Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å utvikle eit læringsmiljø som fremjar god helse og læring for lhbt-befolkninga.*⁵

Gjennom dei siste åra er det 34 av skulane i Hordaland fylkeskommune som har gjennomført VIP-programmet (*Veiledning og Informasjon om Psykisk helse hos ungdom*). *VIP er et helsefremmende og universalførebyggende tiltak som retter seg mot elever i videregående skole, primært ungdom i alderen 16 til 17 år. Hovedmålet for programmet er å gjøre elever bedre rustet til å ta vare på sin egen psykiske helse og bli oppmerksom på hvilke hjelpetiltak de kan oppsøke ved psykiske problemer og lidelser. VIP er en av fem intervensjoner i satsningen «Psykisk helse i skolen» (www.psykiskhelseiskolen.no).*⁶

HFK har på fleire område arbeidd systematisk på alle nivå for å sikre at alle elevar skal få oppfylt retten til eit godt og helsefremjande skulemiljø. Det er likevel behov for å auke kompetansen både i skulane og i helsetenesta for å sjå om ein i større grad kan lykkast med å fange opp og følgje opp ungdommar som kan stå i fare for å ta eige liv. Fylkesrådmannen vil samarbeide med Bergen kommune om å utarbeide ein handlingsplan for forebygging av sjølv mord som vert lagt fram for politisk handsaming i 2018.

⁵ *Handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland fylkeskommune*

⁶ http://www.ungsinn.no/post_tiltak/vip-veiledning-og-informasjon-om-psykisk-helse-hos-ungdom-2/